

Kultur- og kyrkjedepartementet 5. mars 2007

Språkstatistikk for departementa for 2006

Samanstillinga av statistiske oppgåver over fordelinga mellom nynorsk og bokmål i departementa for 2006 er no ferdig.

Registrert nynorskprosent i proposisjonar og meldingar til Stortinget kom siste året opp i 25,4 prosent. Dette er første gongen at det lovheimla kravet om minst 25 prosent av kvar målform er oppfylt.

Men dette gjeld altså berre dokument frå regjeringa til Stortinget. I anna dokumenttilfang frå departementa blir det framleis skrive altfor lite nynorsk. Her var 15 prosent av alle rapporterte dokument under 10 sider på nynorsk, mens det berre var knapt 8 prosent nynorsk rekna etter samla sidetal i rapporterte dokument over 10 sider.

Også i stortingsdokument er det berre halvparten av departementa som har oppfylt kravet om minst 25 prosent nynorsk. Då har vi også rekna med dei som kom over 25 prosent når vi ser den siste treårsperioden under eitt.

Det er fem departement som markerer seg med særleg låg nynorskprosent i proposisjonar og meldingar. Det er Nærings- og handelsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Finansdepartementet og Forsvarsdepartementet. Ingen av desse kom opp i meir enn halvparten av minstekravet, verken i 2006 eller i perioden 2004–2006 under eitt, og til dels ligg dei også klårt lågare enn dette.

Av dei andre departementa som ikkje fullt ut oppfylte minstekravet til bruk av nynorsk i proposisjonar og meldingar, var det også to som hadde for lite nynorsk i det andre dokumenttilfanget. Det var Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Utanriksdepartementet. Som det går fram av tabellane 2 og 3 nedanfor, var det også mange av dei andre departementa som hadde for lite nynorsk i dette andre dokumenttilfanget.

Gjennom St.meld. nr. 7 (2005–2006) om målbruk i offentleg teneste frå 16. desember 2005 gav regjeringa klar beskjed til alle statsorgan om at reglane om målbruk skal etterlevast, og at dette er eit leiaransvar på linje med andre embets- og tenesteplikter. Det vart særleg lagt vekt på at alle departementa snarast råd kom opp i minst 25 prosent, slik at dei også kunne stå fram som gode føredøme for dei underliggjande organa sine.

I løpet av eit par år, heitte det i meldinga, burde fleirtalet av statsorgana kunna dokumentera minst 25 pst. nynorsk. Dette tilseier at alle departementa for 2007 må kunna dokumentera minst 25 pst. nynorsk på alle dei aktuelle måleindikatorane. Tala for 2006 viser at i alle fall halvparten av departementa framleis har ein god jobb å gjera

for å få dette til. Vi viser ellers til rundskriv V-14/2006 som Kultur- og kyrkjedepartementet sendte til alle sentrale statsorgan 17. mars 2006, jf. følgende nettadresse:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/pressesenter/pressemeldinger/2006/Rundskriv-V-14N2006.html?id=104274>

Den siste treårsperioden under eitt er det berre fem departement som har oppfylt minstekravet på 25 prosent i proposisjonar og meldingar. Det er Landbruks- og matdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Miljøverndepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. I tillegg hadde Kommunal- og regionaldepartementet, Samferdselsdepartementet, Justis- og politidepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet over 25 prosent nynorsk i desse dokumenta i 2006.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2006	2004	2005	2006	2004-2006
1. Landbruks- og matdepartementet	53,3	85,4	57,8	61,9	69,6
2. Kunnskapsdepartementet ¹	44,1	46,4	55,5	58,0	53,3
3. Miljøverndepartementet	26,8	59,5	61,1	37,4	52,0
4. Fornyings- og adm.dep. ²	17,7	20,5	24,3	92,1	48,6
5. Kultur- og kyrkjedepartementet ³	34,4	32,3	36,6	12,6	30,2
6. Kommunal- og regionaldep. ⁴	17,1	21,3	16,8	33,0	22,7
7. Olje- og energidepartementet ⁵	9,6	20,5	25,8	23,4	22,4
8. Samferdselsdepartementet	15,2	17,2	23,6	27,4	21,9
9. Justis- og politidepartementet	12,5	9,2	24,3	35,0	21,8
10. Utanriksdepartementet	18,4	18,5	29,7	16,0	20,6
11. Arbeids- og inkluderingsdep. ⁶	8,5	18,6	8,4	18,0	14,7
12. Fiskeri- og kystdepartementet	19,1	10,4	13,7	27,5	14,6
13. Forsvarsdepartementet	8,5	5,7	24,8	11,1	12,7
14. Barne- og likestillingsdep. ⁷	9,6	14,4	9,0	1,8	11,4
15. Finansdepartementet	8,7	11,7	7,9	12,8	10,6
16. Helse- og omsorgsdep. ⁸	8,4	3,5	13,1	11,8	8,5
17. Nærings- og handelsdep. ⁹	6,9	10,0	4,8	3,7	6,1
SUM	16,7	19,0	22,3	25,4	22,2

¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

⁴ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁵ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

⁷ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

⁸ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
1. Fornyings- og administrasjonsdep. ¹⁰	26	18	16	7	8	9	18,1	22,4	56,9
2. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22	25,0	28,7	46,8
3. Fiskeri- og kystdepartementet	31	20	21	21	18	26	24,2	27,3	30,0
4. Kommunal- og regionaldep. ¹¹	28	36	32	28	28	14	20,0	21,6	29,0
5. Nærings- og handelsdep. ¹²	15	16	13	11	8	4	5,0	15,3	28,8
6. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹³	37	34	28	15	29	25	30,4	24,2	26,3
7. Olje- og energidepartementet ¹⁴	13	15	38	29	21	26	22,3	21,3	25,6
8. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15	14,3	10,5	16,8
9. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0	3,2	9,7	16,7
10. Barne- og likestillingsdep. ¹⁵	37	18	41	13	7	9	14,7	21,8	16,1
11. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20	6,8	19,5	15,3
12. Justis- og politidepartementet	10	8	32	26	18	20	24,6	11,9	14,3
13. Arbeids- og inkluderingsdep. ¹⁶	27	30	24	5	7	10	6,5	37,5	12,4
14. Kunnskapsdepartementet ¹⁷	35	25	21	8	8	7	7,3	3,9	8,6
15. Helse- og omsorgsdep. ¹⁸					20	11	12,1	9,5	8,4
16. Landbruks- og matdepartementet	36	18	31	21	- ¹⁹	30	6,5	39,4	6,5
17. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8	6,1	2,9	3,2
SUM	25	22	25	17	13	15	12,6	12,4	15,5

¹⁰ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

¹¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹⁵ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

¹⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

¹⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
1. Olje- og energidepartementet ²⁰	0	0	0	0	0	0	24,2	45,5	61,5
2. Landbruks- og matdepartementet	1	0	11	2	- ²¹	0	0,0	0	32,7
3. Fornyings- og administrasjonsdep. ²²	12	8	53	37	8	0	0,0	3,3	21,3
4. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0	0,0	0	15,7
5. Kommunal- og regionaldep. ²³	8	11	22	23	26	4	3,7	5,3	10,3
6. Fiskeri- og kystdepartementet	-	12	29	0	8	15	3,2	5,2	8,1
7. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7	2,2	5,8	5,9
8. Kunnskapsdepartementet ²⁴	11	8	18	6	0	16	5,3	0,5	5,8
9. Helse- og omsorgsdepartementet ²⁵	-	-	-	-	7	9	9,1	0	5,6
10. Barne- og likestillingsdepartementet ²⁶	11	19	24	4	4	3	3,4	1,9	1,8
11. Kultur- og kyrkjedepartementet ²⁷	13	5	2	5	13	2	25,2	5,8	4,1
12. Justis- og politidepartementet	2	1	4	4	1	2	4,9	1,6	1,6
13. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0	11,7	0	1,6
14. Nærings- og handelsdepartementet ²⁸	5	0	0	3	11	5	11,3	0	0
15. Arbeids- og inkluderingsdepartementet ²⁹	6	7	20	10	0	0	8,8	0	0
16. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0	0,0	0	0
-. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18	22,6	0	-
SUM	12	10	13	9	8	6	5,6	4,6	7,7

²⁰ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²¹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

²² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

²³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁵ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁶ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet.

²⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

²⁸ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.